

MØTEBOK - TITTELBLAD - KOMMUNESTYRET

Møtestad: TINGSALEN	Møtedato: 28. FEBRUAR 2008	Frå kl.: 1230	Til kl.: 1600
Møteleiar:	Ordførar Olav Lunden		
Møteinnkalling: (kunngjering):	Sendt medlemmer og varamedlemmer 21.02.08. Kunngjort i Sogn Avis 23.02.08 og på kommunen si heimeside.		
Representantar som er borte:	Arne Monrad Johnsen Monica Åsnes		
Vararepresentantar som er til stades:	Ole Simen Nesdal Lars Lefdal		
Til stades:	I alt: 17	Av desse 2 vararepresentantar	
	Merknader:		
Andre framømøtte:	Nærings- og utviklingssjef Per Holen Oppvekst- og omsorgssjef Gunnar Steine		
Saker som vart handsama:	Sak nr./år (f.o.m.-t.o.m.): 1/08-6/08		
Merknader til møteboka:			
Vi stadfestar med underskriftene våre at vedtaka er ført i samsvar med det som vart fastsett i møtet:	Arild Fossøy (sign.) Dina Lefdal (sign.) Olav Lunden (sign.)		

MØTEPROTOKOLL

Kommunestyret

Møtestad: **TINGSALEN**

Møtedato: **28.02.2008** Tid: **1230**

SAKLISTE:

Sak nr.	Arkivsak nr. Tittel
1/08	08/129 ORIENTERINGSSAKER
2/08	08/123 VAL AV SKATTEUTVAL FOR PERIODEN 2008 - 2011. VAL AV LEIAR OG NESTLEIAR
3/08	08/84 FRITAK FRÅ VERV SOM JORDSKIFTEMEDDOMMAR FOR PERIODEN 1. MAI 2008 - 30. APRIL 2012
4/08	07/874 FELLES RÅD FOR FUNKSJONHEMMA OG ELDRE. VAL AV RÅD FOR FUNKSJONS- HEMMA OG ELDRE FOR PERIODEN 2008 - 2007. VAL AV LEIAR OG NESTLEIAR
5/08	07/818 ENERGI- OG KLIMAPLAN FOR LEIKANGER KOMMUNE
6/08	07/629 PRIVAT REGULERINGSPLAN FOR FJORDHEIM PÅ HERMANSVERK - GODKJENNING

1/08

ORIENTERINGSSAKER

TEMA:

- **Orientering om kraftfondet, avkastning og utvikling v/ Pareto Forvaltning, Finn Erik Bjerke**

2/08

VAL AV SKATTEUTVAL FOR PERIODEN 2008 - 2011. VAL AV LEIAR OG NESTLEIAR

VEDTAKET lyder slik, samr.:

Som skatteutval i Leikanger kommune for perioden 2008 – 2011 vert valde:

- 1. Rune Henjesand**
- 2. Gaute Molvær**
- 3. Kristin Linnerud**

med personlege varamedlemmer i same rekkjefølgje:

- 1. Åse Husabø Skilbrei**
- 2. Susanne Svardal**
- 3. Magnar Fredheim**

**Som leiar vert vald: Rune Henjesand, og som nestleiar vert vald:
Kristin Linnerud .**

3/08

FRITAK FRÅ VERV SOM JORDSKIFTEMEDDOMMAR FOR PERIODEN 1. MAI 2008 - 30. APRIL 2012

VEDTAKET lyder slik, samr.:

**Gerd Kirsten Henjesand blir fritaken for vervet som meddommar i
jordskifteretten for perioden 1. mai 2008 til 30.april 2012.**

Som ny jordskiftemeddommar for same perioden vert vald:

- 1. Birte Fossheim**

**FELLES RÅD FOR FUNKSJONSTEMMA OG ELDRE. VAL AV RÅD
FOR FUNKSJONSTEMMA OG ELDRE FOR PERIODEN 2008 - 2007.
VAL AV LEIAR OG NESTLEIAR**

VEDTAKET lyder slik, samr.:

Det vert oppretta felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne m.m. for perioden 2008 – 2011.

Rådet får vedtekter tilsvarande framlegg til vedteker i vedlagt notat.

Som medlemmer og varamedlemmer i rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne m.m. vert valde:

- 1. Sverre Gjengedal repr. for eldre**
- 2. Linda Mathisen repr. for menneske med nedsett funksjonsevne m.m.**
- 3. Odd Nesse repr. for menneske med nedsett funksjonsevne m.m.**
- 4. Astri Taklo repr. for Leikanger kommune**
- 5. Solfrid Fossberg repr. for Leikanger kommune**

Som personleg varamedlemmer for eldre og menneske med nedsett funksjons-evne m.m. vert valde:

- 1., repr. for eldre**
- 2. Odd Hauglum, repr. for menneske med nedsett funksjonsevne m.m.**
- 3., repr. for menneske med nedsett funksjonsevne m.m.**

Som personlege varamedlemmer for politisk valde medlemmer vert valde:

- 4. Jan Sigurd Haugen**
- 5. Steinar Fredheim**

Som leiar for rådet vert vald:

Sverre Gjengedal,

som nestleiar vert vald:

Linda Mathisen .

ENERGI- OG KLIMAPLAN FOR LEIKANGER KOMMUNE

HANDSAMING:

Representanten Steinar Fredheim gjorde framlegg om at kommunestyret oppnemner leiar av arbeidsgruppa og at Rune Henjesand vert vald som leiar.

Representanten Jan Sigurd Haugen gjorde framlegg om Liv Bulling som leiar i arbeidsgruppa.

Ved avrøysting vart det først røysta over representanten Steinar Fredheim sitt framlegg om at kommunestyret skulle velja leiar i arbeidsgruppa.

Framlegget vart vedteke med 13 mot 4 røyster.

Det vart så røysta over framlegga om val av leiar i arbeidsgruppa. Framlegga frå representantane Steinar Fredheim og Jan Sigurd Haugen vart sett opp mot kvarandre.

Ved avrøystinga fekk Rune Henjesand 5 røyster og Liv Bulling 11 røyster.

Det var 1 blank røyst

VEDTAKET lyder etter dette slik, samr.:

Leikanger kommune vedtek å utarbeida kommunedelplan for energi- og klima. Firma Vestnorsk Enøk AS vert leigd inn til å utføra arbeidet i samsvar med tilbod av 01.11.07. Rådmann får fullmakt til å inngå avtale etter at det er gitt tilsagn om tilskot frå Enova.

Til arbeidsgruppe vert oppnemnt:

- 1. Frå dei politiske partia – Liv Bulling, Rune Henjesand, Jarle Bøyum, Jan Sigurd Haugen, Edith V. Eggum**
- 2. Frå administrasjonen – tenesteleiar Per Gjerland, avdelingssjukepleiar for heimetenestene Solfrid Høyheim**
- 3. Frå ungdomsrådet – 1 person**
- 3. Frå Leikanger bondelag – 1 person**
- 4. Frå næringslivet - 1 person**
- 5. Frå Sognekraft – 1 person**

Som leiar av arbeidsgruppa vert vald: Liv Bulling.

Nærings- og utviklingssjef vert sekretær for arbeidsgruppa.

PRIVAT REGULERINGSPLAN FOR FJORDHEIM PÅ HERMANSVERK - GODKJENNING

VEDTAKET lyder slik, samr.:

Leikanger kommune godkjenner i medhald av §27-2 i Plan- og bygningslova reguleringsplanen for Fjordheim med føresegner, sist revidert 27.11.07, med desse endringane:

- 1. Grøntbeltet langs elva skal målsetjast i tråd med vassressurslova sin definisjon. Grøntbeltet skal og kunne nyttast til forsterking av elveforbygninga.**
- 2. I samband med ramme/byggesøknad skal det leggjast fram fylgjande dokumentasjon: Skriftleg forklaring saman med eigna illustrasjon på korleis bygget og uteanlegget er tilpassa omgivnadene og om bygget har ei open eller lukka form.**